



Helgesen Tekniske Bygg AS  
Reigstadvegen 1  
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar: Ole Harald Bleikli  
Vår: 21/2959 - 23/19728

Saksbehandlar:  
Sture Helle  
sture.helle@osteroy.kommune.no

Dato:  
04.09.2023

## Ferdigattest industribygg - gbnr 2/1 Småland

### Administrativt vedtak. Saknr: 250/23

**Tiltakshavar:** Vevle Utleigebygg AS  
**Ansvarleg søkjar:** Helgesen Tekniske Bygg AS  
**Tiltak:** Oppføring av industribygg  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

### Kommunedirektøren sitt vedtak:

**"Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for industribygg på gnr. 2 bnr. 1. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. plan- og bygningslova § 20-1, bokstav d."**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 24.02.2022 saknr. 063/22 (rammeløyve) . For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

### Skildring

Adresse:	Gnr. 2 bnr. 1.
Bygningstiltak:	Oppføring av industribygg
Bygningsnummer:	

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 13-1, 6. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

### **Til orientering**

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/2959.

Med helsing

Tore Johan Erstad  
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Sture Helle  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Brann-redning tilsyn

### **Mottakarar:**

Helgesen Tekniske Bygg AS  
Vevle Utleigebygg AS

Reigstadvegen 1 5281  
Solbjørgsdalen 96 5282

VALESTRANDSFOSSEN  
LONEVÅG